


KYRKJEBLAD

Nr. 4

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

51. årg.



Vårstemning over Dæmring.
Foto: Ragnvald Kringlebotten

*Gud signe Noregs land
kvar heim, kvar dal og strand,
kvar lund og li,
kvar lund og li.
Han lat det aldri døy,
han verje bygd og øy,
han verje mann og møy
til ævleg tid,
til ævleg tid.*

*Her stig det stort og blått,
vårt fagre heimlandsslott,
med tind og tårn,
med tind og tårn.
Og som det ervdest ned,
alt fagrar led for led,
det byggjast skal i fred
åt våre born,
åt våre born.*

Arne Garborg

Tradisjonen tru var folk samla på Vassbakken helgetorsdag 8. Mai. Veret var særst fint. På biletet til høgre ser me dei to som sytte for at me fekk «klokkeklang» på Vassbakken. Les meir om dette side 4



Organistar går og kjem

Lars Ragnvaldsen sluttar og skal ta til på Voss.
Julia er ferdig utdanna kantor.
Les om dette på side 5



LES ELLES I SOMMAR- NUMMERET

«Den usynlige ring» av Gunvor Bjørsvik side 3

Bilete av årets konfirmantar i Vaksdal prestegjeld finn de på side 6 og 7

Side 8 og 9 finn de stoff om soknerådsvalet og glimt frå Farne tider

Les om Alpha-kurs på Dale side 10

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 6. august 1997.

Bladet kjem ut i veke 36 som byrjar med 1. September.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09.00-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 60 20

Mobiltilf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese.

LEIAR:**Ta deg tid!**

Korleis er det med oss i vår travle kvardag? Tek me oss tid til å setja oss ned lesa god oppbyggjeleg litteratur til borna våre. I vår sterkt mediafokusert tid er det viktig at ordet ikkje går heilt i gløymebooks. Fjernsynet har altfor lett vorte ei barnejente for ungane våre. Skru heller knappen av nokre gonger og ta tid til at familien kan samlast. Mange barn i dag treng noko anna enn eit bilete som flimrar framfor augo deira. Då kan ei lita stund i lesekroken vera ei alternativ.

Ei stille stund med ei god bok og barnet på fanget er stunder me må ta vare på. Brått er den tida forbi. Når borna våre skal ut i ei ofte vanskeleg verd, er det viktig at dei får med seg ein god ballast heimanfrå.

Så ta turen til biblioteket eller til di eiga bokhylle. Ei slik kosetund er stunder du vil minnast lenge.

Ragnvald Kringlebotten



KPK-foto: Svein Lindberg

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113,

5280 Dalekvam .

Tlf. 56 59 61 20

Søndagsskulens Dag

Det er ennå ei tid til Søndagsskulens Dag. I år skal den vera på Stanghelle med gudsteneste og anna program.

Me skal koma attende til nærare omtale i neste nr., men de kan notera datoen allereide nå og setja av 7. September kl. 11 på Stanghelle bedehus.

R.K.

Fjellvarndringsleir**På Fagertun**

5. 7- september.

Alder: Ferdig med 9. Klasse

Informasjon og påmelding:

Norges Samemisjon,

Bergen Krets.

Sparebankgt. 4 A,

5017 Bergen

Tlf. 55 31 65 06

9-14, ikkje onsdag.

Den usynlige ring

Det føles underlig å skrive om en drøm. En drøm er en drøm. Det kan være så mangt. Den kan overgå våre villeste fantasier, og i Bibelen står det at Gud taler gjennom drøm.

For en kort tid siden våknet jeg opp etter en drøm, så oppskaket som jeg aldri har vært i hele mitt liv.

Jeg drømte at jeg stod i gangen i et av våre bedehus sammen med to kvinner og fikset meg litt, før vi skulle gå inn på en tilstilling. Plutselig oppdaget jeg en stor, flott ekteskapsring på min venstre hånd. I utlandet bæres ekteskapsringen for det meste på venstre hånd. Ringen satt som støpt. Jeg hadde aldri sett maken! Jeg ble helt opphisset og fortvilet. Hvor i allverden hadde jeg fått tak i ringen? «Er dette din ring?» «Nei.» «Er det din ring da?» «Nei». Hva kunne jeg gjøre? Jeg kunne ikke gå inn. Jeg måtte avgårde og finne noen som kunne hjelpe!-- Midt i opphisselsen, våknet jeg, helt oppkavet. Et blick på den tomme hånden, og jeg slappet helt av. Ringen var borte. Det hadde bare vært en drøm.-- Men så kom jeg plutselig på sangstrofen. «Hans brud jeg er, Hans ring jeg bær.» Var dette Gud? -Jeg kjente strofen fra gamle Landstads jubelsalme «Jeg løfter opp til Gud min sang.» Tanken gikk til salmisten som satt og skrev, og var så sikker i sin sak. Han hadde ringen på selv om den var usynlig. «Hans brud jeg er, Hans ring jeg bær. Har lampen tent, og hjertet vent, til Ham all verdens dommer».

Jeg måtte skynde meg å finne frem salmeboken og Bibelen, og lese i Johannes Åpenbaring. Engelen i samtale med Johannes. «Kom skal jeg vise dig bruden, Lammets hustru.» Og engelen beskriver herlighetene de ser. Han kaller Jesus for Lammet, og folkeslagene for Lammets brud. Bruden var dyrt kjøpt, men frelst og lykkelig.

I vår tid får en brud en ring til pant. Lammets brud får også en pant. Navnet blir skrevet i Livets bok. «Hans brud jeg er, Hans ring jeg bær.»

Men engelen sier også noen alvorlige ord til Johannes om folkeslagene.--«men bare de som er innskrevet i Livets bok hos Lammet.» Der er det opp til oss. Må vi ikke glemme å skrive oss inn! Alt avhenger av det. Jesus har gjort alt opp for oss. Gud, gi oss nåde til at vi alle har våre navn i Livets bok! Da kan vi glade synge med salmisten «Hans brud jeg er, Hans ring jeg bær, har lampen tent og hjertet vent, til Ham all verdens dommer.»

Men, -var drømmen bare et budskap til meg, eller skulle den gå videre til dig?

**Gud jeg spør ikke efter hverken sølv eller gull,
blot jeg arver Din Himmel av Din herlighet full.
I Din Livsbok deroppe, hvor Ditt folk tegnet er,
si mig Jesus mig Jesus min Frelser, er mitt navn skrevet der?**

Gunvor Bjørsvik

« P r o s j e k t Vannskille»

Kan vi få TV-stasjonane til å halda vald unna TV-skjermen mellom kl. 06 og 21? For barna si skuld. Mange barn ser TV på tidleg kveldstid, samstundes som TV-vald er skadeleg for barn. Mange ynskjer at kringkastingsstasjonane skal la vera å senda program som kan vera skadelege for barn før kl. 21.

Dersom du vil vera med på underskriftsaksjonen Prosjekt Vannskille, kan du be om å få tilsendt brosjyre(r)

frå Kristeleg

**Kringkastingslag, KKL,
Storgt. 10 B, 0155 OSLO.**

Tlf. 22 42 21 20

Faks. 22 42 18 28.

KAN DU LYTTA?

Kirkens SOS treng fleire frivillige telefonmedarbeidarar. Du må vera over 22 år og du må kunna lytta meir enn du snakkar sjølv. Du får opplæring og vegleing så lenge du er med i tenesta. Velkomen til eit utruleg godt arbeidsmiljø og ei utfordrande og meningsfull teneste!

Ring tlf. 55 32 58 45 på dagtid.



Vassbakken

Helgetorsdag, 8. mai var tradisjonen tru folk frå fleire stadar i Vaksdal prestegjeld samla til det årlege Vassbakken-stemnet. I år var veret noko av det beste det har vore.

Først var det gudsteneste der Bård-Egil Dyrhøl forretta og Frode Kvamsøe preika.

-Sjølv om læresveinane var leie for at Jesus skulle gå frå dei var dei ved godt mot. Jesus lova at dei ikkje skulle vera att som fordrelause born. Han skulle senda den Heilage Ande som skulle vera med dei, sa Kvamsøe. Dette skal me også få setja vår lit til dersom me tek vår tilflukt til Jesus.

Etter gudstenesta var det matøkt og leiking før me tok på heimvegen.

Foto til høgre syner øverst ungdomar frå mellom anna Straume på Vassbaskken og nederst nokre som kosa seg i det fine veret


Foto: Eli Kringlebotten



R.K.

ADAMS DAM

AV OG TIL BEUNRAR
EG DEI SOM LEVER
LIVET ROLEG
OG KONTEMP-
LATIVT...



... MEN SOM REGEL
DRYR DEI MEI TIL
VANVIT!!!



ORGANISTANE; EIN DREG, OG EIN KJEM FOR FULLT

Avskil med Lars

Organist Lars Ragnvaldsen har no avslutta si teneste som organist i Vaksdal prestegjeld. Dale og Bergsdalen kyrkjer har vore hans kyrkjer, men sidan organistane mellom anna har vikariert for kvarandre, har han spela i alle kyrkjene i Vaksdal.

Det er over 25 år sidan han byrja her hjå oss, og i løpet av desse åra har han hatt nokre avbrekk med stillingar andre stader i landet.

Det er ikkje berre musikk han har bidratt med i kyrkja. Han har også vore sterkt med på songsida, anten som forsongar eller som dirigent for Dale Mannskor, barnekoret og kyrkjekoret. Mange vil sakna han, men samstundes vonar vi at han får ei fin teneste som organist på Voss. Og han vert framleis buande på Stanghelle, så vi får vel både sjå og høyra noko til han i åra som kjem!



Lars Ragnvaldsen ved orgelet i Bergsdalen kyrkje.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Kantor Julia

Julia Harbrecht har vore organist i Vaksdal, Stamnes og Eidsland kyrkjer sidan november 1991. Dei siste fire åra har ho samstundes vore student, med redusert stilling som organist. Men no er studia avslutta: Måndag 9. Juni hadde ho sin siste og avgjerande orgeleksamen i Korskyrkja i Bergen. Tilhøyrarane, fleire av dei frå Vaksdal, fekk med seg ein times konsert med ein ekstra spent organist. Men også denne konserten greidde Julia fint, og etterpå var ho vel meir letta enn etter nokon annan konsert.

Julia har fullført dei fire åra som er lengda på den vanlege organistutdanninga no, og stillinga hennar skal då heite Kantor. Ho har teke utdanninga si ved den institusjonen som fyrst heitte Musikkonservatoriet, sidan Høgskulen i Bergen og til slutt Griegakademiet. Dei to siste åra har studiet i hovudsak vore helvta kyrkjemusikkfag, og helvta speling på hennar hovudinstrument naturlegvis orgelet.


Vi stiller oss i rekkja av grautlantar, og ynskjer Julia velkomen attende i full stilling.

Frode Kvamsøe



Ei sporty Julia Harbrecht etter ein dukkert i Vikavatnet.


Foto: Ragnvald Kringlebotten





Konfirmantar i Dale kyrkje 4. mai saman med Frode Kvamsøe

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 4. mai saman med Bård-Egil Dyrhol

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Eiddsland kapell 25. mai saman med Bård-Egil Dyrhol.

Foto: Torleiv Lode



Konfirmantar i Stamnes kyrkje 11. mai saman med Frode Kvamsøe.

Foto: Marit Iren Lunde



Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 25. mai saman med Frode Kvamsøe.

Foto: Lise-Lotte Småbrekke



Konfirmantar frå Eksingedalen i Nesheim kapell 1. juni saman med Bård-Egil Dyrhol.

Foto: Magnar Nese

SOKNERÅDSVALET 1997



Tidspunkt

I haust skal det veljast nye sokneråd i alle kyrkjelydane i landet. Dato for vala i Vaksdal vert slik:

Dale	12.10
Vaksdal	19.10
Bergsdalen	26.10
Stamnes	19.10 (i Stamnes kyrkje) 12.10 (i Eidsland kapell)
Nesheim	26.10
Eksingedalen	02.11

Valet skjer i kyrkjene etter gudstenesta.

Kven kan røysta?

Røysterrett har alle medlemmer i Den norske kyrkja som bur i soknet og som har fylt 18 år seinast i det året det vert røysta og ikkje er frådømt røysterrett i offentlege saker. For fyrste gong vert eit eige kyrkjeleg manntal lagt til grunn ved soknerådsvalet.

Kven kan veljast?

Valfør til soknerådet og pliktig til å ta imot val er alle som har rett til å røysta ved valet. Rett til å krevja seg fritaken for val har den som har fylt 65 år før valperioden tek til, den som har gjort teneste som medlem av soknerådet dei siste 4 åra, og den som viser til hindring som soknerådet godkjenner.

Kven kan koma med framlegg?

Framlegg til valliste skal vera underskrive av 10 røysteføre. Framlegg til vallister må ha kome inn til soknerådet innan 12.september 1997.

Fleirtalsval eller høvetalsval?

Soknerådsvalet vert halde som fleirtalsval dersom soknerådet ikkje innan 1.september 1997 kl.20.00 har motteke skriftleg krav frå minst 10 røysteføre om at valet skal gå føre seg som høvetalsval.

Alle må vera med

Anten du stiller til val på eit av sokneråda eller du er med i kyrkja og misjon på anan måte skal du vera klår over at for at ting skal fungera er det viktig at alle er med kvar på sin plass.

Nedanfor har me teke med ei lita morsom historie som syner korleis det er når ikkje alle ledd er med.

SKRIVXMASKINXN

«Jxg har xn gammxl skrivxma-skin som jxg har stor glxdx av. Mxn dxn har xn stor ulxmpx. Dxn kan nxmliq ikkx skrivx x, mxn skrivxr x istxdxt. Sxlv om dxt barx xr xn nxstx bokstav som ikkx virkxr, så blir problmxnx storx for sammxnhxngxn.

Slik blir dxt vxl også i flllx-skapxt. Dxt xr ikkx nok at dxt xr mangx tilstxdx hvis xn nøkkxlpxrson manglxr.

I xt kristxnt flllxsskap xr allx likx vxrdifullx, og allx bxtyr nox hvxr på sin måtx.

Nxstx gang du tvilxr på at din dxltakxslx txllxr nox, så txnk på min gamlx skrivxmaskin som må lxvx mxd dxn xn vxmmxligx tastxn».

Faren min er sterkare enn faren din så!



Pøh! Faren min er med i soknerådet

SVAR JA!

Soknerådsva

Den norske kyrkja består av om lag 1350 sokn, i Vaksdal prestegjeld/kommune er det 6 sokn. Til hausten skal det velgjast nye sokneråd for dei neste fire åra, og derira periode tek til 1. januar. Det er frå fire til seks medlemmer og fem varamedlemmar i dei seks sokneråda i Vaksdal. Det skal såleis velgjast 60 personar til desse verva, og opp til det dobbelte antal kandidatar skal stå på vallistene.

Mykje å gjera?

Å sitte i eit sokneråd er krevande, men også interessant, spennande og lærerikt. Soknerådet er både eit forvaltningsorgan og eit styringsorgan med ansvar for å planleggje og samordna kyrkjelyden sitt arbeid. Kor mykje det krev, vil variere frå sokneråd til sokneråd. Ikkje alle sokneråda har like stor aktivitet, til dømes med omsyn til soknerådsmøter og andre møter/arrangement. Og det er soknerådet sjølv som avgjer kor stor aktiviteten skal vere. Dei største sokneråda har om lag 10 soknerådsmøter i året, og dei fleste råda har møta på ettermiddags- eller kveldstid. Kwart sokneråd vel ein representant til Vaksdal kyrkjelege fellesråd, som igjen sit med t.d. forvaltninga av det kommunale kyrkjebudsjettet, og arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette. Fellesrådet har sine om lag 10 årlege møter på dagtid, og medlemmer i rådet har rett til fri frå arbeidet når det er møte.

Til sokneråda er det trong for personar med ulik yrkes- og røynslebakgrunn, kvinner og menn, unge og eldre.

Stiller du som kandidat?

Dei viktigaste kvalifikasjonane

for å stille til val er at du er interessert i kyrkja sitt arbeid i lokalsamfunnet, og at du er villig til å gjere ein innsats i det kyrkjelydsbyggjande arbeidet. Ein må sjølv sagt og vere medlem i Den norske kyrkja, og elles ha alminneleg stemmerett.

Som kyrkje står vi framfor store utfordringar når vi no går mot 2000-årsfeiringa av Jesu fødsel. I soknerådet er ein med på å forme kyrkja for morgondagen.

Sokneråda og valnemdene er allereie godt i gang med å spørje folk dei ynskjer å ha med på vallistene. Til no er det mange som har sagt nei, og det er ulike grunnar for det. Til dømes har nokre ikkje tid, og kan ikkje omprioritere si bruk av tida. Andre meiner dei ikkje har noko i eit slikt råd å gjere.

Men det er viktig å vere villig til å stille seg til disposisjon og når kyrkja treng nye sokneråd. Alle som er med i kyrkja deler ansvaret for å få til gode val. Er det ingen som tek ansvaret på seg, kan ein til dømes vere med på å gjere kyrkja meir sentralstyrt og på det viset misse høvet til å vere med der saker vert diskutert og avgjersler vert tekne.

Svar ja!

Kan hende er du i tvil om du skal la deg nominerast? Du tenkjer kan hende at du ikkje har dei rette evner og kunnskaper, eller den heilt sterke trua?

Vert du spurd, eller er du allereie spurd, så er det nokon som har vald å spørje deg. Det er fordi dei meiner det er bruk for nettopp deg, og då kan jo ditt svar vere JA!

Frode Kvamsøe

FRÅ FARNE TIDER

Denne gongen tek me med nokre glimt frå mai- og august- nummeret 1965.

Til Etiopia



I mai-nummeret kan me lesa at Marit Sandal frå Stamnes skulle reisa ut til Etiopia som misjonær for Misjonsbandet.

Ho vart vigsla til denne tenesta under generalforsamlinga i Sandefjord i 1964. Ho var på den tid helsesøster og tok året før reiste ut spesialutdanning med tanke på denne tenesta.

Ho skulle ta til ved Misjonsbandet sitt sjukehus i Irgalem.

Søndag 25. April 1965 tok dei avskjed med ho på Stamnes.

Jubileum

I august-nummeret kan me lesa at tidlegare sokneprest Gudmund Skiftun




runda 60 år 15. Juli 1965. Det står også å lesa at han i yngre år freista med journalistikk og at hans røynsle frå det merka ein seg i redaksjonen av bladet.

Bergsdalen og Nesheim egne sokn.

Den nye kyrkjelova seier ikkje noko om kapellsokn. Dei skulle difor anten leggjast inn under sine hovedsokn, eller dei måtte søkja om å verta eige sokn. I Vaksdal har vi hatt to kapellsokn; Bergsdalen kapellsokn i Dale sokn, og Nesheim kapellsokn i Eksingedalen sokn. Begge kapellsokna søkte om å verta egne sokn, noko Bjørgvin bispedømeråd sa nei til.

Dette avslaget vart ikkje vel motteke, og begge sokneråde freista å be om ny handsaming av saka. Bispedømerådet endra då sitt tidlegare vedtak med knappast mogleg fleirtal, og med det var Bergsdalen sokn og Nesheim sokn oppretta!



Alpha-kurs på Dale

Til hausten vil Dale sokneråd arrangere eit såkalla Alpha-kurs, eit kurs som strekkjer seg over om lag 10 samlingar og ein weekend. Fleire og fleire kyrkjelydar arrangerer slike kurs, frå 4-7000 menneske i Noreg har vore med på kurset.

Kva er så eit Alpha-kurs?

Det er eit kurs med ei enkel innføring i den kristne trua, med rom for både undring, tvil og meir eller mindre rare spørsmål. Den sosiale sida er også viktig: Det vert måltidsfellesskap på kvar samling, og alle får høve til å enten lytte, snakke eller begge deler. Kurset er både for dei som er nysgjerrige på kva den kriste trua går ut på, og for dei som trur, men som ynskjer å lære meir om det dei trur på.

Mange ber på spørsmål som dei ikkje tør spørje nokon om, og det er vel ikkje så ofte ein sasmtalar med andre om tru og tvil. På eit slikt kurs har vi høve til å hjelpe kvarandre med den kristne trua, slik at vi kan finne ut meir om kvar vi står i høve til henne.

Dale sokneråd ynskjer på dette viset å gje kyrkjelyden høve til å samlast også utanom gudstenesta, og trur at eit slikt kurs kan vere med på å styrkje fellesskapet i kyrkjelyden.

Tid og stada

Alpha-kurset tek til i byrjinga av september. Truleg vert samlingane på torsdagar frå kl.19-22, og stad for desse vert truleg Dalekjellaren. Soknerådet kjem ut med meir informasjon og høve til påmelding etter sommarferien, mellom anna med eit eige orienteringsmøte om kurset.

Soknerådet har vorte kjend med at Arna Misjonsmenighet vil arrangere Alpha-kurs på Stanghelle skule til hausten. Dette kurset er i utgangspunktet det same som det soknerådet vil arrangere, men noko ulikt vil det truleg verte både i innhald og gjennomføring.



Alle som leitar!

Alpha-kurs er for alle som vil vita meir om kristen tru, eller som leitar etter å tilhøyra eit kristent fellesskap.



Læring og latter!

Vi har mykje å læra! På Alpha-kurset går det også an å ha det moro samtidig som vi lærer meir om den kristne trua.



Pizza og Pasta!

Kurskveldane byrjar med ei god kveldsmat. Dette er eit fint høve til å bli kjend med kvarandre og få nye vener.



Hjelpe kvarandre!

I smågruppene kan vi hjelpe kvarandre med å finna svar på vanskelege spørsmål. Samtalen kan gå djupare, og du kan få hjelp til spørsmåla dine.



Alt du vil vita!

Ingen spørsmål er for store eller små, for vanskelege eller for dumme. På Alpha-kurset vil du bli teken på alvor med alle spørsmåla, idéane og tankane dine.

LESESTOFF?

Me har meir enn du trur
Me er også kommisjonær for
Norsk Tipping og Norsk Rikstoto



PETERSEN & YPSØY A/S

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER
5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5280 Dalekvam

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

ALT I

TRYKKSAKER

VAKSDAL TRYKK A/S

Mob.tlf. 946 20 789

Faks 56 59 71 03

VI HAR GODE SOMMARTILBOD

Sjå også flygeblad i posten

Vi har propanutsalg

DALE AUTO SERVICE A/S 

Postboks A, 5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 66 35

Salg av nye og brukte biler
Service alle bilmerker
Karosseri og lakk
Bilberging



DALE BIL AS

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Velkommen til

Blomsterbutikken på Dale

Månd. - Torsd.: 9.00 - 17.00,

Fred.: 9.00 - 18.00

Laurdag: 9.00 - 14.00



56 59 67 70



Nye Dale

VERTSHUS

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40
Din lokale leverandør av snitter,
koldtbord, middag og pizza
til alle anledninger



Voss Samvirkelag:

Avd: Vaksdal Senter Tlf. 56 59 75 01

Bygg Mix, Vaksdal Senter Tlf. 56 59 71 10

Avd. Eidsland Tlf. 56 59 56 55

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20



ALLTID GODE TILBUD

K. SEIM A/S

5280 DALEKVAM

TLF. 56 59 62 23

Fax.: 56 59 67 61

SLEKTERS GANG04.05 Sigurd T. Reinoldsen, f. 1923
18.05 Margit Strømme, f.1901**VAKSDAL KYRKJE kl.19.**
Dyrhol. Nattverd.**DØYPTE****DALE**25.05 Marius Hvidsten Hesjedal
08.06 Ingvild Yun Risnes
08.06 Simen Holmgaard Dale
VAKSDAL18.05 Max Berge
01.06 Erik Boge**BERGSDALEN**27.04 Eivind Lid Trøen
27.04 Erling Fagerbakke Fosse
27.04 Martin Fosse Osvold**EKSINGEDALEN**15.06 Magnus Trefall
Håvard Bergo**VELKOMEN TIL
KYRKJE****6.juli - 7.søndag etter pinse**
DALE KYRKJE kl.11. Kvamsøe.
Nattverd.
BERGSDALEN kl.20. Dyrhol.
Nattverd.**13.juli - 8.søndag etter pinse**
VAKSDAL KYRKJE kl.11.
Dyrhol/vikar. Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl.20.
Dyrhol. Nattverd.**20.juli - 9.søndag etter pinse**
STAMNES KYRKJE kl.17.
Kvamsøe. Nattverd.
DALE KYRKJE kl.19. Dyrhol.
Nattverd.**27.juli - 10.søndag etter pinse**
VAKSDAL KYRKJE kl.11. Vikar?
Nattverd.
EIDSLAND kl.17. Kvamsøe.
Nattverd.**3.august - 11.søndag etter pinse**
EKSINGEDALEN KYRKJE
kl.11. Kvamsøe. Nattverd
DALE KYRKJE kl.19. Vikar?
Nattverd.**10.august - 12.søndag etter pinse**
BERGSDALEN KYRKJE kl.11.
Bergsdalsstemna. Dyrhol.**17.august - 13.søndag etter pinse**
DALE KYRKJE kl.11. Dyrhol.
Nattverd.
STAMNES KYRKJE kl.11.
Kvamsøe. Nattverd. Konfirmantfest.**24.august - 14.søndag etter pinse**
VAKSDAL KYRKJE kl.11.
Kvamsøe. Nattverd.
EIDSLAND KYRKJE kl.17.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.**31. august - 15.søndag etter pinse**
DALE KYRKJE kl.11. Vikar.
Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl.11. Dyrhol
og Kvamsøe. Nattverd.**7. september - 16.søndag etter pinse**
STANGHELLE BEDEHUS kl.11.
Søndagsskulens dag. Fam.gudst.
Kvamsøe.
STAMNES KYRKJE kl.17.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.
VAKSDAL KYRKJE kl.18.
Dyrhol. Konfirmantpresentasjon.**VIGDE****VAKSDAL**03.05 Trude Jamne og
Jørn Ove Kvamme**STAMNES**10.05 Rune Gullbrå og
Wanja Karin Drange**AVLIDNE****DALE**29.04 Kjellrun Hop, f. 1924
01.05 Kari Eide, f. 1912
04.05 Martin Rongved, f. 1920**I KRISE?**
KIRKENS SOS
TLF. 815 33 300
HEILE
DØGERET

**Tankevekkende
Engasjerende
Nyansert
Oppmuntrande**

BESTILL MEDMENNESKE
GRATIS I EITT AR.
-- MAGASIN OM
UTFORDRINGAR OG
MULIGHETER I
DEN TREDJE VERDA

Ring:
22 22 22 99

 **KIRKENS
NØDHJELP**
Sammen for
en rettferdig verden